



# **VEDTEKTER KOMMUNALE BARNEHAGAR I VESTNES KOMMUNE**

**Med retningsliner for fleksibel ferieavvikling i  
barnehagane.**

## **§ 1 Eigar**

Vestnes kommune eig og er ansvarleg for dei kommunale barnehagane.

## **§ 2 Hovuddramma for drifta**

Dei kommunale barnehagane i Vestnes skal drivast i samsvar med Lov om Barnehagar (barnehagelova), og dei forskrifter og retningsliner som til ein kvar tid er fastsett av departementet, kommunale vedtak og plan for den einskilde barnehage.

## **§ 3 Formålet**

Lov 17. juni 2005 om barnehagar §1, ajourført med endringar seinast 18.06.2010 nr 26 i kraft frå 01.08.2010, sei om barnehagen sitt formål:

*”Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.”*

## **§ 4 Administrasjon**

Kommunestyret i Vestnes er politisk organ for barnehagesaker.

Einingsleiarane i dei kommunale barnehagane er administrativt lagt under administrasjonssjefen.

## **§ 5 Samarbeidsutval**

Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval i samsvar med barnehagelova sin § 4.

Samarbeidsutvalet i dei kommunale barnehagane skal ha 5 medlemmer med personlege vararepresentantar:

2 representantar valt av foreldrerådet.

2 representantar valt av dei tilsette.

1 representant valt av kommunen.

Einingsleiaren ved barnehagen er sekretær for utvalet.

Dersom barnetalet er lavt, kan eigaren bestemme at utvalet skal ha ein representant frå kvar av dei nemnde gruppene.

Representantane frå foreldra og dei tilsette skal veljast for 1 år om gongen.

Valperioden for medlem og vara-medlem som er valt av kommunen er 4 år, og skal følgje kommunestyreperioden.

Samarbeidsutvalet skal sjå til at barnehagen vert driven innafør ramma av barnehagelova, barnehagen sine vedtekter og budsjett. Samarbeidsutvalet skal be om foreldrerådet sitt syn i saker som er særleg viktige for foreldra.

Kommunen kan vedta at det skal vere felles samarbeidsutval for kommunal barnehage og skule. Dette skal i organiserasjon i samsvar med reglane i opplæringslova § 11-1, fjerde ledd, og barnehagelova sin § 5.

## **§ 6 Foreldreråd**

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd i samsvar med barnehagelova sin § 4. Foreldrerådet består av alle foreldre/føresette som har barn i barnehagen.

Foreldrerådet skal fremje fellesinteresser samt arbeide for eit godt samarbeidet mellom heim og barnehage.

Rådet har rett til å bli forelagt saker som er viktige for foreldra i høve til barnehagen, og til å uttale seg i desse sakene.

*”Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette”*

(§4 i Lov om barnehagar)

## **§ 7 Foreldremøte**

Når barnehagane startar opp om hausten skal einingsleiar kalle inn til foreldremøte for å orientere om arbeidet i barnehagen. Dersom det er ønskeleg kan ein og ha eit foreldremøte om våren.

I løpet av året skal foreldra få tilbod om to foreldresamtalar. Slike foreldresamtalar skal på førehand avtalast med einingsleiar/pedagogisk leiar. Einingsleiar/pedagogisk leiar og foreldre/føresette avtalar elles samtalar/foreldremøter etter behov.

## **§ 8 Opptak av barn**

Det er samordna opptaksprosess for dei kommunale og ikkje- kommunale barnehagane i Vestnes, jf. barnehagelova §12.

Søknad om plass i barnehage skal vere på elektronisk skjema.

Søknadsfristen kunngjerast i lokalpressa og på kommunen sine heimesider.

Innstilling til opptak av barn blir gjort av den enkelte einingsleiar/styrar ved kvar barnehage.

Etter drøftingar mellom barnehagekonsulent og einingsleiar/styrar blir det endelege vedtaket gjort av administrasjonssjefen ved barnehagekonsulenten.

Barnehagekonsulenten ser til at opptaket skjer i samsvar med dei lover og forskrifter som gjeld.

Administrasjonssjefen har fullmakt til å be om fleire opplysningar ved opptak.

Søknader om opptak i løpet av året vert avgjort av einingsleiar/styrar i samråd med barnehagekonsulenten.

Barn som har får tildelt plass i barnehage, kan behalde plassen fram til skulestart.

### **Lovbestemte opptakskriterier :**

1) *Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak etter barnehagelova sin § 13. (Sakkunnig vurdering på om barnet har nedsett funksjonsevne må leggast fram)*

2) *Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barneverntjenester §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak etter barnehagelova § 13.*

3) *Barn som fyller 1 år innan utgangen av august det året det blir søkt om barnehageplass, har etter søknad ved hovedopptaket 1. mars, rett til å få plass i barnehage i august. Barn som fyller 1 år i september, oktober eller november det året det blir søkt om barnehageplass, har etter søknad ved hovedopptaket 1. mars, rett til å få barnehageplass frå den månaden barnet fyller 1 år. Retten gjeld i den kommunen der barnet er busett. Barnehagelova §12a.*

5) *Barn med fagleg tilråding om opptak i barnehagen (lege, PPT, barnevern og anna)*

6) *Barn som av andre vektige grunnar treng plass.*

Opptak skjer etter ei samla vurdering av situasjonen til det enkelte barn. Det skal takast omsyn til at barnegruppa ikkje blir for einsidig samansett når det gjeld alder og kjønn. Det skal og takast omsyn til mangfald og eigenart hjå barnehagen.

Barn skal reknast som 3 år frå august det året barnet fyller 3 år.

### **§ 9 Helseattest**

Før barnet begynner i barnehage skal dei føresette legge fram erklæring om barnet si helse. Dette skal gjerast på fastsett skjema. Jf. § 23 i Lov om barnehagar.

### **§ 10 Opningstider**

Dei kommunale barnehagane har opningstid frå 06.45-16.30.

Maks opphaldstid tid pr. dag er 9 timar.

Kommunestyret fastset opningstidene i barnehagane. I løpet av barnehageåret skal det etter ein fastsett plan nyttast 5 dagar (37,5 t.) som studie- og planleggingsdagar for personalet.

Barnehagen er stengt på planleggingsdagar og føresette skal varslast minst 3 veker på førehand.

Barnehagane er til vanleg stengt 4 veker om sommaren. Einingsleiar kan i samråd med rådsorgana undersøke om det er behov for ei fleksibel ferieordning i tråd med «*Retningsliner for ferieavvikling i barnehagane*»

Det må vere ein føresetnad at ordninga kan gjennomførast innanfor eininga sine budsjетtrammer.

Dei kommunale barnehagane held stengt julaften og nyttårsaften.

Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagane klokka 12.00

### **§ 11 Foreldrebetaling**

Foreldrebetalinga er utrekna på 11 månader, termin 8, 16.juli-15.august er betalingsfri måned. Det blir gitt søskenmoderasjon, 30 % for barn nr. 2, 50 % for barn nr. 3 og ev. fleire. Foreldrebetalinga gjeld frå den dato barnet har fått plass. Det blir ikkje gitt fråtrekk for fråver, heller ikkje for dei dagar barnehagen held stengt, utanom sommarferien.

Ved langvarig sjukdom hos barnet kan ein søkje administrasjonssjefen om redusert foreldrebetaling. Dersom foreldre/føresette ønskjer å auke eller redusere barnehageplassen i løpet av året må det søkjast om dette elektronisk.

Når foreldrebetalinga uteblir i 2 månader, og det ikkje vert gjort skriftleg betalingsavtale, taper barnet plassen frå den første opningsdagen i komande måned.

Dei kommunale barnehagane har felles grunnsats for kost i tillegg til foreldrebetalinga.

Samarbeidsutvalet kan vedta kostpengar utover grunnsatsen.

Ved overtid etter klokka 16.30 blir foreldre/føresette belasta med gebyr på 200.- kroner for påbegynt halvtime.

### **§ 12 Oppseiing.**

Oppseiingstida er 2 månader. Oppseiinga må skje skriftleg innan den 15. i månaden. Dersom plassen vert sagt opp etter 15. februar må det betalast for plassen ut barnehageåret. Ved sjukdom, flytting o.l. kan det gjerast unntak frå denne regelen.

### **§ 13 Internkontroll.**

Kommunen sine barnehagar er etter forskrift om internkontroll av 22. mars 1991, pålagt å utarbeide internkontrollhandbok og sjekklister for den enkelte barnehage.

### **§ 14 Ansvar.**

Personalet har ansvar for barna den tida dei er i barnehagen. Foreldra må sjølve syte for/ordne med bringing og henting av barna sine. Foreldra skal vere med inn i barnehagen ved bringing og henting.

### **§ 15 Norm for pedagogisk bemanning .**

Ein pedagogisk leiar kan maksimalt ha ansvar for 18 barn over 3 år, eller 9 barn under 3 år. Norma skal vere oppfylt for barnehagen som heilheit.

### **§ 16 Norm for areal i barnehagane**

Følgjande norm for netto leike- og opphaldsareal innandørs skal gjelde for dei kommunale barnehagane:

4.0 kvadratmeter pr barn over 3 år

6.0 kvadratmeter pr barn under 3 år

I samråd med administrasjonssjefen er barnehagane likevel pliktig til å ta inn fleire barn for ein periode når det er særskilde behov for det.

### **§ 17 Opplysningsplikt**

Etter § 21 og § 22 i Lov om barnehagar har barnehagepersonalet opplysningsplikt til sosialtenesten og barneverntenesten. Alle som jobbar i barnehage har meldeplikt til barnevernet etter Barnevernlova §6-4 og barnehagelova §22.

### **§ 18 Teieplikt**

I samsvar med § 20 i Lov om barnehagar har alle tilsette og andre som handsamar saker etter Lov om barnehagar teieplikt om dei forhold dei blir gjort kjend med gjennom arbeid/tillitsverv i barnehagen.

### **§ 19 Politiattest**

Alle som arbeider i barnehage må legge fram tilfredsstillande politiattest, jf § 19 i barnehagelova.

### **§ 20 Endring i vedtektene**

Samarbeidsutvalet og foreldrerådet ved barnehagen kan fremje forslag om endringar i vedtektene til barnehagen. Når foreldrerådet har fått høve til å uttale seg, kan samarbeidsutvalet med vanleg fleirtal gjere framlegg om endringar i vedtektene. Endringane skal godkjennast av kommunestyret.

Kommunen kan også gjere framlegg om endringar. Endringane skal då leggest fram for samarbeidsutvalet ved barnehagane for uttale før vedtak i kommunestyret.



## RETNINGSLINER FOR FLEKSIBEL FERIEAVVIKLING VED BARNEHAGANE I VESTNES

### BAKGRUNN

- Barnehageåret er frå 15. august til 15. juli
- Det er betalingsfritt frå 16. juli – 15. august
- Barnehagane har til vanleg stengt 4 veker om sommaren, som regel tre veker i juli og ei veke i august.

### FLEKSIBEL FERIEAVVIKLING

Einingsleiar kan i samråd med rådsorgana undersøke om det er behov for ei fleksibel ferieavvikling ved barnehagen. Følgjande prosedyre skal då gjerast:

1. Undersøking om sommarferie vert sendt ut til foreldra med frist 15. mars
2. Endeleg ferieliste skal vere ferdig og sendast ut 1. april
3. For tilsette fastsett ein ferie seinast 15. april (Skal ha fastsett ferien sin seinast 2 månader før avvikling).

### Vilkår :

Alle barn og tilsette skal avvikle 4 vekers samanhengande sommarferie innanfor ein periode på 6 eller 8 veker ((25),26, 27,28 ,29 ,30 ,31 (32)). Veke nr. kan variere noko år for år.

Det må vere i gjennomsnitt 10 barn pr dag som ønskjer tilbod for at barnehagen skal halde ope i ferien.

Barn som skal byrje på skulen kan ikkje nytte barnehagen etter 15. juli.

Barnehagane er stengt måndag og tysdag i veke 32 pga studiedagar.

Nye barn kan ikkje ta til før fast tilsette har avvikla ferie.

I barnehagar med fleire avdelingar kan det verte aktuelt å samle barna på ei avdeling i samband med ferieavviklinga og ein vil redusere opningstida dersom det ikkje er behov for at barnehagen er open heile dagen.